



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

KTI-notat nr.: 40/2008 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Hardanger Industripark AS - Uttak av grunnvatn på Herseter		
Fylke/kommune:	Hordaland/Ullensvang		
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign.:	
Saksbehandler:	Ivar Sægrov	Sign.:	
Dato:	19 JUN 2008		
Vår ref.:	NVE 200708714-17 rv/ias		
Sendes til:	Søkjar og alle som har gjeve fråsegn i saka		

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no
Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Søknad om løyve til grunnvassuttak på Herseter i Ullensvang Herad

Innhald

Søknaden	1
Handsaming av søknaden	9
Norges vassdrags - og energidirektorat (NVE) sine merknader	15
NVE si vurdering	17
Konklusjon	18

NVE meiner fordelane ved det omsøkte tiltaket er større enn skader eller ulemper for allmenne og private interesser. Kravet i vannressursloven § 25 er såleis oppfylt og NVE gir Hardanger Industripark AS løyve etter § 8 i vassressurslova til å ta ut grunnvatn frå kjeldeområdet på Herseter på dei vilkår som er fastsett i løyvet.

Søknaden

NVE har motteke følgjande søknad fra Hardanger Industripark AS (HIAS) datert 24.10.2007:

"1 Søkjar

Hardanger Industripark AS, 5773 Hovland

Styreformann Tom Berge

Org. nr 989323822 Hardanger Industripark AS er eigd av Isklar AS (hovedaksjonær) i tillegg til lokale aktørar. Selskapet er skipa for å skapa nye arbeidsplassar i ein nedlagd fabrikk på Hovland i Ullensvang Herad.

2 Søknaden gjeld

Hardanger Industripark AS søker med dette om konsesjon for uttak av grunnvatn etter Vassressurslova § 8. Søknaden gjeld uttak frå eit kjeldeområde på Herseter i Vikebygd, Ullensvang Herad.

Det vert vist til § 44 i lov om vassdrag og grunnvatn, at råderetten over grunnvatn skal utøvast i samsvar med krava i §§ 10 og 15, andre og tredje ledd og at uttaksmengdene skal avgrensast til det grunnvassmagasinet toler (jfr. Ktv-notat 14/2002).

Hardanger Industripark AS søker om konsesjon til eit samla uttak opptil 100 m³/pr time frå grunnvasskjelder på Reiseter (konsesjonssøknad under handsaming) og Herseter (denne søknaden).

Søkjær har inngått avtale med grunneigar om uttak av vatn frå eigedomen.

Søknaden gjeld ikkje overføringsleidningar og andre tekniske anlegg. Overføringsleidningar og andre tekniske anlegg vert handsama som eige byggesak i Ullensvang herad.

3 Grunngeving for tiltaket

Hardanger Industripark AS planlegg uttak av grunnvatn for sal som mineralvatn.

Hardanger Industripark AS er eigar av ein fabrikk som skal byggjast om til eit tappeanlegg for mineralvatn. Som kjelde til anlegget skal det nyttast grunnvatn frå fleire kjelder ovanfor gardane på Reiseter i Ullensvang herad. Tiltaket vil medføra oppretting av ca. 20-25 arbeidsplassar. Regionen har stort behov for nye industriarbeidsplassar etter at store bedrifter er lagt ned dei seinare åra.

Tiltaket har brei politisk støtte, både frå Ullensvang herad og frå Hordaland Fylkeskommune.

I planlegginga av prosjektet er det gjeve støtte frå Hordaland fylkeskommune.

4 Omtale av prosjektet

Grunnvatn som kjem fram i ei rekkje kjelder på Reiseter Gnr/Bnr 53/3, og Herseter Gnr/Bnr 50/1,2,3,4, i Ullensvang, skal samlast og førast til eit tapperi på Hovland i Ullensvang herad (fig.1) På tapperiet skal vatnet fyllast på flasker. Teknisk infrastruktur for å kunna få lasta ferdig produkt på båt er under opparbeiding. Flaskevatnet er planlagt for den Europeiske marknaden.

5 Teknisk plan

Vasskjeldene som skal utnyttast ligg på Reiseter og Herseter i Ullensvang herad. Det er planlagt å bruka til saman 5 kjelder som vert samla opp og ført i vassleidning til tappeanlegget. 4 av kjeldene ligg på Reiseter (konsesjonssøknad under handsaming) og ei kjelde på Herseter (denne søknaden).

Kjeldene ligg på vestsida av Sør fjorden, og tappeanlegget ligg på austsida. For å få vatnet fram til tapperiet, må det leggjast ein 6 km vassleidning som også skal kryssa Sør fjorden. For å ha naudsynt utvidingskapasitet og tryggleik for levering, vil det verta etablert to parallelle vassleidningar.

For å sikra inntaket best mogeleg vil kjelda sikrast med gjerde og avskjerande grøftar i kombinasjon med tette massar/membran 15 m oppover frå kjelda. Inntaksarrangementa vil bestå av vassleidningar frå kjeldene til ein felles oppsamlingskum nedanfor Reiseterkjeldene.

Opp til Herseterstølen er det no ein traktorveg. Frå stølen og opp til kjelda må det etablerast ein enkel tilkomstveg. Vegen vil verta tilpassa terrenget for å verta minst mogeleg synleg. Etter ferdig anlegg vil denne vegen bli rydda slik at den vil gro igjen og berre verta nytta for tilkomst utan motoriserte kjøretøy.

Produksjonen er planlagt med ei gradvis utbygging. Produksjonen i 2008 er planlagt til 22 mill liter, i 2009 på 70 mill liter og i 2010 opp til 100 mill liter. Planane vil verta tilpassa tilgang på vatn og vasskvalitet. Som kompensasjon for ev. for låg kapasitet i kjeldene vil det verta etablert eit utjamningsbasseng ved produksjonslokala på Hovland.

6 Området

6.1 Landskap

Området er ein del av eit karakteristisk fjordlandskap mellom høgfjell og fjord. Landskapet generelt er kjenneteikna ved bratte austvendte dalsider (fig. 3).

Området ligg tett opptil Folgefonnhalvøya nasjonalpark. Nedre grense for nasjonalparken ligg 200 m ovanfor planlagt inntakspunkt.

Tiltaksområdet ligg på vestsida av fjorden i eit landskap som skil seg ut frå det typiske landskapet i området ved at det er delvis utflating av terrenget.

Eit karakteristisk trekk ved landskapsbiletet frå Reiseter og nordover er dei mange kjeldene (oppkomene). Kjelda som er planlagt nytta i dette prosjektet ligg ca 100 m ovanfor Herseterstølen (fig. 5), stølen ligg på ei svak utflating i terrenget. Frå stølen og opp fjellsida stig terrenget brattare.

6.2 Berggunnsgeologi

Kartet viser at kjelda på Herseter ligg i eit område prega av harde og sprø bergarter. Fleire skyvegrensar/forkastingar av prekambrisk alder ligg nord for kjeldeområdet. Bergartsgrensene og forkastningssonane kan vera viktige strømningsvegar for grunnvatnet. Kart og flybilete viser markante sprekke- og forkastningssonar i fjellmassivet som er potensielle strømningsvegar for grunnvatnet frå innstrømnings- til utstrømningsområde.

6.3 Kvartærgeologi

Dei mest markante lausmassane i området består av skredmateriale og morene (fig. 8). I ei sone aust/nedanfor for kjelda er det breelvmateriale. Breelvmaterialet består av silt-, sand- og dels grusavsetningar.

Tiltaket kjem i hovudsakelig i kontakt med morene og rasmassar. Ein mindre del av traseen for vassleidningen kan koma i kontakt med breelvmateriale. Leidningstraseen vil kryssa eit område med ras og morenemateriale. I desse massane er det tildels velutvikla erosjonsspor.

Det er ingen kjende verneverdige lausmasseavsetningar som vert påverka av tiltaket.

6.4 Nedbørfelt og Vassdrag

Herseterkjelda ligg i nedbørfeltet 048.21 som strekkjer seg frå Vikebygd og nordover langs vestsida av Sørfjorden.

Nedbørsfeltet er dominert av ei rekkje mindre elvar/bekkar som drenerer i bratt terreng ned mot Sørffjorden. Nedbørsfeltet kan delast opp i ei rekkje mindre delfelt. Den delen som drenerer mot kjelda på Herseter er vist i fig. 11.

Det ligg fleire kjelder i nedbørsområdet og dermed vert avrenninga større enn det som kan bereknast ut frå ein nedbørsmodell. Kjelder vil føra til at vassføringa vert karakterisert ved jamnare vassføring enn i nedbørsfelt der det berre er overflateavrenning.


Gjennomsnittleg vassføring er berekna ut frå storleiken på nedbørsfeltet og spesifikk avrenning henta frå www.nve.no. Variasjon i av vassføring gjennom året og risiko for tørre perioder er berekna ved å overføra resultat frå nærliggjande NVE-måleseriar. Det er vurdert at målestasjon 50.1, Hølen i Kinso, med måledata frå 1923 er mest representativt.

Vassføring

Følgjande forhold er lagt til grunn for berekning av avrenning av overflatevatn til bekken som renn frå kjelda:

Areal	0,99 km ²
Gjennomsnittleg spesifikk avrenning	78,81 l/km ² /s
Gjennomsnittleg vassføring	79 l/s

Tilsiget av grunnvatn frå kjelda utgjer eit tillegg til overflateavrenninga basert på nedbør. Den minste avrenninga som er målt i kjelda er 16 l/s. I tillegg har dagens vassleidningar frå kjelda ei slukeevne på ca 4 l/s. Minstevassføringa frå dagens kjelde er derfor sett til 20 l/s. Figur 13 viser berekna vassføring av overflatevatn og grunnvatn over året. Det er i tillegg vist kor stor innverknad i prosent, eit uttak på 100 m³/time utgjer av total vassføring.



Figur 13. Estimert gjennomsnittleg avrenning ved Herseter. Det er også vist kor stor innverknaden av eit uttak på 100 m³/time utgjer av den totale avrenninga.

Vidare nedover er det tilsig av meir grunnvatn. Der bekken når dyrka mark, har vassføringa auka med 25 %.

6.5 Grunnvassforhold

Grunnvatnet som skal utnyttast har utspringet i lausmassar. Men det er ingen lausmassar oppstrøms kjeldene som er betydelige grunnvassforekomstar. Derfor er det klart at grunnvatnet drenerer frå grunnvassmagasin i fjell ut i eit tynt lausmassdekke.

Frå kjeldene renn kjeldebekken bratt nedover ca 100 m. Deretter renn den inn i skogsterreng. Etter ca 1 km kjem bekken ned til gardane på Reiseter og renn gjennom dyrka mark ned til Sørfjorden. Der bekken kjem ned til dyrka mark på Reiseter har vassføringa auka med minst 20 % under tørrver. Ved nedbør er auken større.

Vatnet som drenerer ut frå kjelda har ein stabil temperatur på 3-4° C. Vatnet er karakterisert med lågt mineralinnhald

Nydanning av grunnvatn er typisk i storleiksorden 5% av nettonedbør. Typisk nettonedbør er 2000 millimeter i året. Dette gjev eit nedslagsfelt på ca 2 km² for å få nydanna nok til kjeldene. Dette betyr at grunnvatnet hovedsakleg vert nydanna på 1100 til 1400 m høgde i områda rundt Revavatnet/Klokkarane. Nydanningsområda for grunnvatnet ligg dermed i Folgefonna nasjonalpark.

6.6 Biologiske tilhøve

HardangerConsult AS har utarbeidd ein eigen rapport om biologiske tilhøve. I tillegg er det utarbeidd ein omfattande rapport om både natur og kulturhistorie for området (Arnhild Bleie 2001: Fjord-Fonn).

I dette avsnittet er det teke med ei kort oppsummering av funna i rapporten til HardangerConsult AS.

Formell status

Det er ingen registreringar i influensområdet i Naturbasen. Det er registrert lokalt verdifulle botaniske lokalitetar i vassdraga både nord og sør for dette vassdraget, men ingen i vassdraget der tiltaket vil finne stad.

Vegetasjon

Sjølve kjeldeområdet på Hersete er austvendt, og i heile området er det her og der mosedekker og artar som likar jamn vasstilgong. Dette viser at det er tilsig av vatn i store område.

Ved kjelda på Herseter er det etablert kjeldevegetasjon og det er ei grunnvassmyr ned mot stølshuset.

Vegetasjonen ved granplantefelta er monokultur, med unntak av bekkefaret som er prega av vasstilsørsle. Nedanfor granskogen går elva gjennom tuna på grenda Reisæter. Nedover lia ligg elva i skiljet mellom slåtter/frukthagar og naturskog. Skogen er variert i utforming der det er ein del granplantefelt, men det meste av nærområdet til bekken er naturleg lauvskog med bjørk og osp som dominerande treslag langs elva.

Dyreliv

I området må ein vente at ein kan finne fugle- og pattedyrartar frå raudelista. Eit gjenveksande skogsmiljø som lia består av vil vere eit bra hekke- og fødeområde for mange fuglar. Det er ikkje funn som tydar på at dette området er i noko særstilling i høve til liene i Hardanger elles.

Området ligg ikkje inne i naturbasen sine viltregistreringar. Med den variasjonen som er i vegetasjonen kan det vere potensiale for funn av raudelista insektartar, særskild knytt til dei gamle kulturlandskapstypene.

6.7 Kulturminne

I området frå Hersete til Reiseter -kjeldene er det eit kulturlandskap prega av tidlegare utmarksdrift og truleg slått eller stølsdrift over lenger tid. I traseen for grøfta frå Hersete til Reiseter-kjeldene er det både beståande bygg og murar frå eit eldre bygg. Ved desse murane er det også ein steingard. Desse går inn i granplantefeltet og er i dag skjult. Fylkesarkeologen har vore på synfaring og finn ingen funn eller stort funnpotensiale for kjeldeutak eller leidningstrase.

Der elva renn gjennom Reiseter er elvestrengen sterkt forma av tidlegare tiders førebygging, men også for å legge til rettes for bruken av bekken. Det er tydeleg at bekken har vore viktig som ein ressurs som fungerte som vaskeplass, "kjøleskap" og var viktig i samband med næringsmiddelproduksjon. Den sentrale plasseringa mellom tuna på Reiseter gjer bekken til ein viktig del av den kulturhistoria som denne plassen er bygd på. Nedover langs elva er det fleire kvernhus heilt ned til fjorden.

6.8 Arealbruk

Området ved kjeldene er nytta til beitemark og sporadisk vedhogst føregår. Vassleidningen vil kryssa dyrka mark og skogsområde.

Området er LNF-område i heradet sin arealplan. Hardanger Industripark har sett i gang arbeidet med ein reguleringsplan for prosjektet.

7Konsekvensar av tiltaket

Tiltaket vil først og fremst ha ein varig konsekvens av redusert vassføring i bekken. I tillegg vil det vera anleggsarbeid som fører til skogrydding og graving.

Konsekvensane av redusert vassføring vil vera mest synlege om vinteren, men ved å fastsetja ei minstevassføring vil ikkje det visuelle biletet av tiltaket få stor betydning frå Reiseter og ned til fjorden. Den vasselskande vegetasjonen like nedanfor kjeldene vil truleg verta påverka av tiltaket.

7.1 Biologi, kultur- og naturhistorie

Det er nytta ein metode frå håndbok 140 frå Statens vegvesen om konsekvensanalysar til å samanstillе ein gjennomgang av dei vurderingane som er gjort i høve til biologiske og kulturhistoriske forhold, vurderingane er vist i tabellen under.

Gjennomgang av verdi, omfang og kosekvens av tiltaket

Verdkriterie	Verdi	Omfangskriterie	Omfang	Konsekvens
Landskap				
Områder i ubebygde strøk	Liten	Dimensjon/størrelsesforhold	Lite	0
		Visuell forankring	Lite	0
		Utforming	Lite	0
Kulturminne				
Forminner	Liten	Endring og lesbarhet	Lite	0
		Samanheng/struktur	Lite	0
Knytt til primærnæringane	Middels	Endring og lesbarhet	Middels negativt	-
		Samanheng/struktur	Middels negativt	-
Tekniske kulturmiljø	Middels	Endring og lesbarhet	Middels negativt	-
		Samanheng/struktur	Middels negativt	-
Andre kulturmiljø	Liten	Endring og lesbarhet	Lite	0
		Samanheng/struktur	Lite	0
Naturmiljø				
Inngrepsfrie område	Liten	Viktige samanhengar	Lite	0
		Arter	Lite	0
		Naturhistoriske førekomstar	Lite	0
Naturtypeområde	Liten	Viktige samanhengar	Lite	0
		Arter	Lite	0
		Naturhistoriske førekomstar	Lite	0
Arts- og individmangfald	Liten	Viktige samanhengar	Lite	0
		Arter	Lite	0
		Naturhistoriske førekomstar	Lite	0
Naturhistoriske område	Liten	Viktige samanhengar	Lite	0
		Arter	Lite	0
		Naturhistoriske førekomstar	Lite	0

Det er ingen kjente kulturminne som vert påverka av tiltaket. Heller ingen særskilte biologiske forhold vert påverka.

7.2 Jordbruk og botanikk

Legging av vassleidningar vil dels gå over beite mark. Ved å leggja vassleidningen frostfritt vil den liggja så djupt at denne driftsforma ikkje vert påverka av tiltaket. Bekken nedanfor kjeldene er dels lagd om, den er lagt inntil grensa mellom dyrka mark og utmark. Reduksjon av vassføringa vil ikkje påverka grasproduksjonen i området. Det vil ikkje vera mogeleg å samla opp alt vatnet frå kjeldene, derfor vil det vera nok vatn igjen til det som trengst for landbruksformål. Jorda langs bekken er sumpaktig i låge terrengparti og meir moreneprega lenger frå bekken. Om vassføringa i bekken vert mindre, vil eventuelle konsekvensar for vassatilgang for planter vera svært lokal. Det er ingen observasjonar så langt som tyder på at jordbruksdrifta vil verta påverka av tiltaket.

7.3 Vassforsyning

Kjelda vert i dag nytta til vassforsyning for ca 25 husstandar og nokre gardsbruk. I tillegg får ein kafé vatnet frå kjelda. Hardanger Industripark AS tek på seg ansvaret for å skaffa

erstatningsvatn av same kvalitet og kvantitet som i dag. I området er det fleire kjelder, ei av desse, ca 300 m mot nord er undersøkt og funnen veileigna til ny vassforsyning. Det er også andre kjelder som er aktuelle til dette formålet. Inntaket vil vera ein gravd brønn i ei kjelde. Frå brønnen vil det verta lagt ned opptil ca 400 m med vassleidning for å kunna kopla seg på dagens leidningar.

Det er ingen borebrønner i nærleiken av kjelda (fig. 13). Der er derfor ikkje sannsynleg at desse kan verta påverka av vassuttaket.

Sidan det er aktuelt å berre flytta eit eksisterande vassuttak, er dette vurdert til å ikkje vera konsesjonspliktig.

Det kan periodevis vera bruk for vatn til vatning nedanfor kjeldene. Som den hydrologiske modellen viser så vil det vera stor vassføring i bekken på tidspunkt på året då vatning er aktuelt.

7.4 Setningsskadar og rasrisiko

Det er ikkje påvist kohesjonsjordarter eller andre setningssvake jordarter i området. Det er heller ingen lukka akviferar/grunnvassmagasin som vil få endra trykkforhold som følge av uttak av grunnvatn.

Kjelda og deler av vassleidningane vil kryssa eit område med stor snøskredfare. Inntaksarrangementet og leidningane må derfor leggjast så djupt at dette ikkje fører til fare for leveringstryggleiken. Ventilarn i inntaksområdet vil sørgja for at vatnet kan stengjast i kjelda dersom det vert leidningsbrot.

Graving av grøft og omfyllingsmassar etter igjenlegging kan føra til ein konsentrasjon av dreisvatn. I bratte terrengparti kan dette føra til ein fare for utgliding av lausmassar. Denne risikoen vil verta ivareteken ved planlegging og utføring av anleggsarbeidet.

7.5 Avløp

Tiltaket vil ikkje ha negativ innverknad på avløpssituasjonen i området. Det er ikkje offentleg avløpsnett og det er venta at kvart hus har eigne spreiegrøftar. Brot på vassleidningen kan i korte periodar føra til overflateavrenning. Terrengtet er så ujamnt at dette vatnet vil renna ned i bekkefar og ikkje føra til overvatn i spreiegrøftar.

7.6 Forureina grunn

I tiltaksområdet er det ikkje registrert eigedomar med forureina grunn (www.sft.no). Fabrikken på Hovland er registrert i databasen til SFT. Ullensvang herad har godkjent arbeidet med tilrettelegging av infrastruktur og det er venta at forureiningsspørsmålet er handsama i den samanheng. Sør fjorden har forureina sjøsediment. Sjøleidningen over fjorden medfører ikkje mudring eller dumping og vil såleis ikkje verta omfatta av spesielle tiltak.

7.7 Påverknadar på andre tiltak

Det er ingen kjende planar om t.d. mikro- eller minikraftverk langs bekken. Om slike planar skulle oppstå vil Hardanger Industripark AS ta på seg ansvar i høve til ev. erstatningar som dei vil ha etter Norsk lov.

7.8 Folgefonna Nasjonalpark

Kjeldeområdet ligg tett opptil Folgefonna Nasjonalpark. Tekniske inngrep er ikkje planlagd innanfor nasjonalparken. Det kan vera aktuelt å søkja om å få gjerda inn eit mindre område i

nedre del av nasjonalparken for å sikra kjeldeinntaket. Hardanger Industripark AS er klar over randsoneproblematikken i høve til nasjonalparken og vil laga anlegg som ikkje påverkar det visuelle inntrykket av landskapet.

8 Avbøtande tiltak

Slik prosjektet er planlagt vil det tidvis føra til synleg redusert vassføring i kjeldebekken. Det er vist at grunnvassstilsiget syter for stabil minimumsvassføring i bekken lenger nede. Vatnet i bekken vert nytta til drikkevatt for husdyr. Det er ikkje truleg at oppsamlinga av vatn i kjeldene vil fanga opp alt vatnet. Derfor vil det vera nok vatn på beiteområdet til husdyra har tilstrekkeleg drikkevatt. Om det syner seg å ikkje vera tilfelle vil Hardanger Industripark AS syta for å skaffa dette vatnet.

Ny drikkevassforsyning for dagens abonnentar vil verta etablert.

Synfaringa m.o.t. kulturminne avdekte ikkje spesielle verneverdiar. Leidningstrassen vil verta tilpassa landskapet.

8.1 Minstevassføring

Basert på lågaste målte vassføring målt i januar 2007 vert det søkt om ei minstevassføring på 3 l/s. Målepunktet for minstevassføringa vil vera i punktet der bekken kjem inn til dyrka mark på Reiseter.

9 Konklusjonar

9.1 Positive konsekvensar av tiltaket

- *Næringsutvikling basert på bærekraftig bruk av lokale ressursar*
- *Effektivt vern av landskap og uberørte naturområde*

9.2 Negative konsekvensar av tiltaket

- *Potensiell vassmangel i periodar i bekk like nedanfor kjelda, avbøtande tiltak kan vera aktuelle.*
- *Vern av vasskjelda vil føra til tap av eit lite areal beitemark (i storleiksorden 1-2 dekar).*

Konsekvensar av avslag på konsesjonssøknad

Dersom det ikkje vert gjeve konsesjon for uttak av grunnvatn slik det er søkt om, vil ein ikkje kunna få skapt ny næringsverksemd basert på grunnvassressursane i området. Både verksemda, lokalsamfunnet og kommunen vil såleis gå glipp av både inntekter av og arbeidsplassar basert på berekraftig bruk av lokale, fornybare naturressursar.

Dersom Hardanger Industripark AS ikkje får konsesjon for Herseter, men berre Reiseter, vil det visuelle inntrykket av minka vassføring verta større på Reiseter enn om uttaket kan delast mellom to område.

Handsaming av søknaden

Søknaden er handsama etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter § 8, jf. også § 45. Den har vore sendt på høyring og kunngjort i "Hardanger Folkeblad" og "Bergens Tidende". I tillegg

låg søknaden til offentlig gjennomsyn på Heradshuset i Kinsarvik og i Sparbutikken på Nå fram til 20. august 2007.

Nedanfor er det gjeve ei oppsummering av dei einskilde høyringsfråsegnene med HIAS sine merknader, slik dei er kommentert i brev frå søkjaren av 03.04.2008:

Ullensvang Herad fatta følgjande vedtak i møte i heradsstyret 04.02.2008:

”

1. *Alle tiltak i området skal skje på ein skånsam måte, slik at det vert minst mogleg varige synlege inngrep.*
2. *Det skal ikkje etablerast bygg i kjeldeområdet, som ikkje tåler dei årlege snøskreda. Drifta av den delen av anlegget som ligg i skredområde, må leggjast opp slik at det ikkje er naudsynt med aktivitet i den tida det er størst skredfare.*
3. *Det bør vera att minstevassføring i bekkane i området.*
4. *Sikringsområdet rundt vasskjelda, må skjøttast på ein slik måte at det skil seg lite ut frå området kringom.*
5. *Heradsstyre viser til fråsegn frå Hardanger Industripark A/S dagsett 31. januar 2008, og føreset at partane vert samde om framtidig vassforsyning.”*

Fråsegna frå heradet er ikkje spesielt kommentert frå HIAS

Fylkesmannen i Hordaland, brev 01.02.08

I fylkesmannen si fråsegn blir det konkludert slik:

”Ut frå ein del uklære punkt i konsesjonssøknaden, jf. det som er sagt ovanfor, vil Fylkesmannen rå i frå at det vert gjeve konsesjon for dette tiltaket. Det er uråd å ta stilling til om tiltaket kjem i konflikt med nasjonalparken før det ligg føre nøyaktige kart som syner kjeldeområdet, sikringssona og grensene til nasjonalparken. Fylkesmannen meiner at det ikkje kan gjevast konsesjon for tiltak som baserer seg på tekniske innretningar i nasjonalparken eller randsona til denne.”

Kommentar frå HIAS

”Kjelda har lokalisering: $X = 6682191,5$ $Y = 363997,6$ $H = 528$ m o.h.

Både kjelda og sikringa vil liggja utanfor nasjonalparkgrensa. Inntaksarrangementet ligg i randsona til nasjonalparken og HIAS er klar over at dette medfører krav om god landskapstilpassing. Det skal søkjast om godkjenning av detaljløysingar av tiltaket. Her vil det verta lagt vekt på god landskapstilpassing. HIAS er også interessert i at tiltaket skal vera minst mogeleg synleg i terrenget.”

Norges geologiske undersøkelser (NGU), brev datert 15.01.2008

NGU har ikkje grunnvassfaglege innvendingar til tiltaka det er søkt om, men uttalar at konsesjon føreset at brønnane er innrapportert til NGU.

Kommentar frå HIAS

"Ingen boring er planlagt i prosjektet. Søknaden gjeld utnytting av ei kjelde. Informasjon om kjelda er innsendt til NGU. I den grad det vert naudsynt med brønnboring på eit seinare tidspunkt, vil dette verta innrapportert."

Grunneigarar på Måkestad, brev 17.01.08

I fråsegna blir det vist til at det vil vere uaktuelt å godta einkvar endring på Herseter som kan føra til mindre vatn i Sunndalsbekken. Dei krev også avklaring om erstatningskjelde for drikkevatt for 14 husstandar, sikring husholdsvatt og vasskjelde til brannsløkking for fleire og vatningsvatn for gardsbruk med produksjon av frukt og grønt.

Kommentar frå HIAS

"HIAS søker om å få nytta Hersetekjelda som no dels vert nytta til vassforsyning på Bleie. I konsesjonssøknaden står det at å nytta ei kjelde som ligg nord for Herseterkjelda er eit av alternativa til ny vassforsyning. Avrenninga frå denne kjelda i nord går mot Sunndalsbekken. HIAS har hatt møte med grunneigarane for å avklara problemet. For å unngå problematikk kring Sunndalsbekken har HIAS plikta seg til å løysa vassforsyninga ved å gå bort frå dette alternativet. Vassforsyninga vil verta løyst ved å nytta førekomstar av vatn sør for Herseter slik at Sundalsbekken ikkje vert påverka. Dersom desse førekomstane ikkje gjev tilstrekkeleg mengde og kvalitet som tilfredsstiller Drikkevassforskrifta, skal vassforsyninga tilbakeførast til Herseterkjelda, fråsegn frå HIAS er vedlagt, vedlegg 1."

HIAS kommenterte også fråsegna frå Måkestad i brev datert 25.01.2008 m.a. slik:

"Den undersøkte oppkoma var nemnt som eit alternativ til erstatningsvatn. Det er viktig å understreka at det ikkje er teke anna beslutning enn at Hardanger Industripark skal skaffa erstatningsvatn for Bleie. Den oppkoma som er undersøkt er ikkje innmålt. Avstanden frå kjelda som i dag er nytta til vassforsyning er difor berre anslått. Det som er heilt klart er den aktuelle kjelda ikkje ligg på bruk 54/7. Men som fylgje av fråsegna frå grunneigarane på Måkestad, spesielt det som går på forholda i Sunndalsbekken, vel Hardanger Industripark A/S med å dette gje fråsegn om at me ikkje vil nytta vasskjelder som ligg nord for Herseter for å levera erstatningsvatn. Dermed vil ikkje levering av erstatningsvatn ha påverknad på Sunndalsbekken."

For Kvernhusbekken er det søkt om ei minstevassføring. Hardanger Industripark finn det derfor ikkje aktuelt å avskipa gamle kvernhusrettar. Me håpar dette gjev grunneigarane trygghet for at vår verksemd ikkje skal føra til ulemper for dei"

Terje Bleie, e-post datert 30.01.08

"I punkt 7.7 står det at det er ingen kjende planar om kraftverk langs bekken. Dette er feil, det var opplyst på det første informasjonsmøte i Odda om at undertekna Gr.51 br.1 og Berit Hjelmeland Gr.52 Br.1 hadde planar om kraftverk. Vi hadde allerede vore i kontakt med Energi Teknikk AS i Dimmelsvik om planane. Vi har også fått tilsagn om tilskot til prosjektet frå Fylkesmannen i Hordaland (Ullesvang Herad ved lanbrukskontoret har fått kopi av tilsegnet) Så derfor må det stå under punkt 7.7 i konsesjonssøknaden at vi har planar om kraftverk. Håpar at dette kjem med."

Kommentar frå HIAS

"HIAS har teke utgangspunkt i føreliggjande konsesjonar når det vart sagt at det ikkje var kjende planar om minikraftverk og var ukjende med det Bleie skriv. Hærsete vasslag og

grunneigarane langs Herseterbekken har inngått ein avtale (vedlegg 2) som regulerer kompensasjon for det vatnet som vert teke bort frå bekken. I punkt 4 i avtalen står det følgjande:

- "Bekkalaget får årleg utbetalt til sin konto pengeverdien av det vatnet som er teke bort. Pengane vert å fordela etter den fallhøgde kvar grunneigar har i bekken "*
- "Dei grunneigarar som og er deltakarar i Hærsete vasslag fråfell denne kompensasjonen. Dette skal ikkje medføra at dei seier ifrå seg fallrettar i eventuelt framtidig kraftproduksjon i bekken. "*

Etter HIAS sitt syn avklarar dette dei privatrettslege forhold langs bekken. "

Ove Kambestad/Terje Bleie, brev 31.01.08

Det blir i fråsegna vist til at uttalen er skriven på vegne av alle som i dag har vassforsyning frå kjelda på Hærsete som det søkt om konsesjon for uttak frå. Det blir sett fram fylgjande krav:

"Vi framset herved krav om at drikkevannsuttaget frå kjelda skal halde fram som før. Dette kravet må innarbeidast som eit vilkår for tildeling av omsøkt konsesjon. Praktisk kan dette ordnast ved at drikkevannsuttaget vert montert i same uttakskum i kjelda som Isklar koblar seg på. Dersom drikkevannsuttaget vert montert lågare enn Isklar sitt uttak, vil eksisterande vassforsyning til drikkevann vere sikra.

Dersom drikkevannsuttaget skal flyttast ca 300 meter mot nord slik det er omtalt i konsesjonssøknaden, vil dette påverke vassføringa i Sundalsbekken. Denne bekken har frå før ein svak vannføring i tørre periodar, og vil ikkje tåle det uttaket som flytting av drikkevannsinntaket medfører. Vi gjer difor merksam på at flytting av drikkevannsuttaget som foreslått heilt klart også vil medføre at søkjar påtek seg eit erstatningsansvar overfor brukarane av Sundalsbekken.."

Kommentar frå HIAS

"Viser til svar i punkt 2 og 5. "

(Punkt 2 er kommentaren til grunneigarane på Måkestad medan punkt 5 er kommentaren til uttalen frå advokatfirmaet Harris.)

Advokatfirmaet Harris DA, brev 04.02.08

Advokatfirmaet Harris v/advokat Cristian S. Mathiassen har på vegne av brukarar under Gnr. 50, 51, 52 og 56 gjeve fråsegn om vassforsyningsanlegga og konkludert med følgjande konsesjonskrav:

"Det bes om at eventuell konsesjon gis på det vilkår at mine parters vannforsyningsanlegg opprettholdes som i dag og at vann til dette har prioritet foran eksportvannet. "

Kommentar frå HIAS

"Advokatfirmaet Harris krev på vegne av abonnentar sikring av etablerte og framtidige anlegg for lokal vassforsyning. Grunneigarane krev at vassforsyninga har prioritet framfor vatn til kommersiell bruk.

Dagens vassforsyning er ikkje organisert som eit vassverk. Det er heller ingen godkjenningar av vassforsyningsanlegget som føreligg. Det er derfor ikkje riktig å kalla brukarane av vatnet for abonnentar. Pr. i dag er det ei vassforsyning med over 20 brukarar og er såleis godkjenningsspliktig. Vassverket er pr i dag ikkje godkjent.

HLAS er fullt klar over at vassforsyning har prioritet framfor bruk av anna bruk av vatn. HLAS har plikta seg til å levera vatn til dagens brukarar som tilfredsstiller drikkevassforskrifta. Det er skrive ein erklæring frå HLAS til dei som nyttar vatnet frå Herseter-kjelda (vedlegg 1). Denne erklæringa slår fast at dersom det ikkje er mogeleg å skaffa nok og godt nok vatn frå det som er planlagt, skal dei framleis få nytta vatn frå kjelda slik som no.

I søknaden vart ei kjelde nord for Herseter nemnt som eit alternativ. Adv.firmaet Harris hevdar at det er utilfredsstillande at HLAS nemner at ei kjelde sør for Herseter skal veljast. Det vert hevda at ingen veit kvar kjelda er.

HLAS har gjennomført grundige undersøkingar i området og har god kunnskap om grunnvassforholda. HLAS har garantert å levera vatn av godkjent kvalitet. Brevet fra Harris gjev uttrykk for at dei grunneigarane han representerer har opparbeidd ein rett i Hersete-kjelda. Det er ingen skriftleg dokumentasjon på dette. Deler av uttaksarrangementet i frå kjelda på Hersete er lagt utan samtykke frå grunneigar.

Når det vert hevda at smak ikkje er med i drikkevassforskrifta er dette feil, jfr kap 4, §12:

"Drikkevann skal, når det leveres til mottakeren, ff. § 5, være hygienisk betryggende, klart og uten framtreddende lukt, smak eller farge. Det skal ikke inneholde fysiske, kjemiske eller biologiske komponenter som kan medføre fare for helseskade i vanlig bruk."

Etter HLAS sitt syn vil ei godkjent vassforsyning vera ein stor fordel for brukarane av vatn. I dag er det ein serveringsstad som også nyttar vatnet og ei godkjenning av vassforsyninga er derfor naudsynt. HLAS hevdar at ei godkjent vassforsyning vil vera ein fordel for brukarane av vatn i høve til dagens løysing."

Vedlegg til søkjar sine kommentarar:

Vedlegg 1.

FRÅSEGN

Ad konsesjonssøknad om uttak av grunnvatn frå Hersete. Sikring av vatn til dei som i dag brukar vatn frå Herseteområdet

Det vert vist til fråsegner sende til Ullensvang herad og NVE i samband med at Hardanger Industripark AS har søkt om konsesjon for uttak av kjeldevatn frå ei koordinatfesta kjelde på Hersete og til møte gjennomført med grunneigarrepresentantar 31 januar 2008.

Hardanger industripark AS stadfestar at dei som er brukarar av vasskjelda i dag skal vera sikra vatn av drikkevasskvalitet godkjent i hht til drikkevassforskrifta. Vassmengde skal minimum vera like stor som det forbruket som finnest i dag.

Det vert etablert ei erstatningsforsyning frå kjelde sør for det planlagde kjeldeuttaket for flaskevatnproduksjon. (Den alternative løysinga som er nemnd i konsesjonssøknaden (300 m nord for Hersete) utgår dermed som alternativ drikkevassforsyning.)

Dersom slik erstatningsforsyning ikkje vert tilfredsstillande skal brukarane få tilbakeført forsyning frå same kjelde som vert brukt til flaskevatnproduksjonen."

Vedlegg 2. Avtale Hærseter vasslag**AVTALE**

mellom Hærsete Vasslag og grunneigarane langs Hærsetebekken, her kalla Bekkalaget, om kompensasjon for redusert vassføring i Hærsetebekken.

Hærsete Vasslag er skipa av dei tre bruka på Indre Bleie med det føremål å selja/levera drikkevatt til avtalt pris frå oppkoma på Hærsete.

1. Anlegget

Frå oppkoma på Hærsete skal det leggjast røyr med ein dimensjon på 5 tommar og med ei slukeevne på 9,7 l/sek. Røyrtraseen, som går om oppkomene på Reiseter, er innteikna på kart. Røyrene skal gravast ned på minimum 60 cm.

2. Husvatn

Dei husstandar som i dag har husvatn frå oppkoma på Hærsete skal vere garanterte den vassmengd og kvalitet som dei har i dag, også i anleggsfasen.

3. Vederlag

For det vatnet som bekken vert redusert med, vil Hærsete Vasslag yta kompensasjon til grunneigarane langs bekken. Verdien av det vatnet bekken minkar med skal setjast til 5 % av literprisen for selt vatn.

4. Utbetalingar

Bekkalaget får årleg utbetalt til sin konto pengeverdien av det vatnet som er teke bort. Pengane vert å fordela etter den fallhøgda kvar grunneigar har i bekken. Bekkalaget får oversyn over det vatnet som er levert ein gong i året.

Dei grunneigarar som og er deltakarar i Hærsete Vasslag fråfell denne kompensasjonen. Dette skal ikkje medføra att dei seier ifrå seg fallrettar i eventuell framtidig kraftproduksjon i bekken.

5. Opphøyr

Denne avtala skal vara så lenge det vert levert vatn for sal frå oppkoma på Hærsete og knytast opp i tid til dei avtaler Hærsete Vasslag inngår med kjøpar.

6. Tinglysing

Avtala kan tinglysast. Den skal utferdast i så mange eksemplar som medlemene i Bekkalaget finn grunn til ”.

Avtala er datert og underskriven den 29.01.2008

Synfaring i tiltaksområdet

NVE gjennomførte synfaring i tiltaksområdet og aktuelle frammøtte høyringspartar den 29.05.2008. Deltakarar var representantar frå Ullensvang Herad, grunneigarane til grunnvasskjelda og anleggsområdet, søkjar og NVE.

Norges vassdrags - og energidirektorat (NVE) sine merknader

Søkjar

Søkjar er Hardanger Industripark AS (HIAS).

HIAS er eigd av Isklar AS, i tillegg til lokale aktørar. Selskapet er skipa for m.a. å skapa nye arbeidsplassar i ein nedlagd fabrikk på Hovland i Ullensvang Herad.

Bakgrunn for søknaden

Søknaden gjeld løyve etter § 8 i vassressurslova for uttak av grunnvatn frå eit kjeldeområde på Herseter i Vikebygd i Ullensvang Herad. Det blir i søknaden vist til § 44 i vassressurslova, og at råderetten over grunnvatnet skal utøvast i samsvar med krava etter §§ 10 og 15.

HIAS er eigar av eit fabrikkkanlegg på Hovland som blir bygd om til eit tappeanlegg for mineralvatn. Som kjelde til anlegget skal det nyttast grunnvatn frå kjeldeområdet på Reisæter og Herseter. Tiltaket vil medføre oppretting av ca. 20-25 arbeidsplassar. Regionen har stort behov for nye industriarbeidsplassar etter at store bedrifter er lagt ned dei seinare åra. Tiltaket har brei politisk støtte, både frå Ullensvang herad og frå Hordaland Fylkeskommune. I planlegginga av prosjektet er det gjeve støtte frå Hordaland fylkeskommune.

Føremålet med uttaket er produksjon og sal av mineralvatn. Det er planlagt ei gradvis opptapping av uttaket fram til 2010 då det maksimalt vil kunne komme opp i ca. 100 mill liter. HIAS søker difor om løyve til samla å ta ut opptil 100 m³ på time (30 l/s) frå dei to grunnvasskjeldene på Reisæter og Herseter. Løyve til uttak av vatn frå kjelda på Reisæter vart gjeve av NVE ved vedtak av 05.12.2007, og produksjonen frå dette anlegget er sett i gong.

NVE vil her syne til at det planlagde vassuttaket langt overstig det som er naturleg å drive med på eigedomen. Tiltaket vert såleis fanga opp av vassressurslova § 45, 2. ledd, pkt. b, slik at dette i seg sjølv gjer tiltaket konsesjonspiktig etter vassressurslova § 8. Det kan vidare settast krav til minstevassføring etter ei konkret vurdering der trongen for å sikre vassføring vert vurdert i høve til verknader for allmenne interesser, jf. vassressurslova § 10.

Når det gjeld andre enn grunneigaren til sjølve kjelda, og som kan verte råka av tiltaket i høve til eige vassuttak frå kjeldebekken til fast hushald og/eller husdyr, gjeld vassressurslova § 15, 2. ledd. Dersom det omsøkte tiltaket fører til for lite vatn for dei det gjeld i periodar av året, må HIAS redusere vassuttaket slik at desse interessene vert sikra framfor vassuttak til industrivatn, jf. vassressurslova § 15, 4. ledd. Dette vil gjelde dersom ikkje HIAS ved ein eventuell konsesjon sytar for at dei som vert råka får vassforsyning frå anna hald.

NVE handsamar søknaden med grunnlag i at dei fysiske inngrepa, inkludert naudsynte inngjerda sikringssonar, vert utafor grensa til Folgefonna nasjonalpark, og at sjølve bygge- og anleggsarbeida i det vesentlege blir lokalisert innafor eit område der det frå før er gjennomført ulike inngrep knytt til eksisterande landbruksdrift i området. Reguleringsplanen som nylig er vedteke i heradet, har også liknande krav til dei fysiske inngrepa.

Teknisk plan

Grunnvasskjelda som skal nyttast ligg på Herseter, gnr/bnr 53/1, 2, 3 og 4 på vestsida av Sørfjorden. Frå uttaket skal vatnet først gjennom røyrleidning til ein felles oppsamlingskum nedanfor Reiseterkjeldene. Frå oppsamlingskummen blir vatnet ført vidare gjennom ein røyrleidning til

tappeanlegget på Hovland som ligg på austsida av Sørfjorden. Planlagt samla uttak vil over noko tid kunne bli på maksimalt ca 100 m³/time (30 l/s). Dette gjeld som sagt for det samla uttaket frå dei to kjeldane Herseter og Reisæter.

På taperiet skal vatnet fyllast på flasker. Teknisk infrastruktur for å kunna få lasta ferdige produkt på båt er ei eige utbyggingsprosjekt. Flaskevatnet er planlagt for den europeiske marknaden.

Ved etablering av anlegget for oppsamling av grunnvatn blir det nytta eksisterande landbruksvegar. Ein kort tilkomstveg må byggjast som vidareføring fram til uttaksstaden der det blir etablert ein oppsamlingskum og eit lite bygg. Kjeldene ligg i beitemark med spreidd lauvskog. Uttakspunkta må vernast ved inngjerding av næraste området der det ikkje vil bli tillate med annan aktivitet enn det som er knytt til drift av anlegget.

Eksisterande tilhøve i og omkring kjelda/vassdraget

Ullensvang Herad har peika på at tiltaket er planlagt i eit område som blir karakterisert som eit mykje viktig og godt vørdsla kulturlandskap. Kommunen viser også til at området er ein del av Vikebygdkrinsen som er med i eit pilotprosjekt som er omtalt som landskapspark. Føremålet med pilotprosjektet er å ta vare på natur- og landskapsverdiane i området og nytta dette som grunnlag for næringsutvikling. Kommunen vurderer søknaden om uttak av grunnvatn som eit godt tiltak for næringsutvikling, men føreset at tiltaket ikkje får negative verknader for miljøverdiane i området.

I kommuneplanen for Ullensvang har tiltaksområdet til no hatt status som LNF-område. For to planlagde minikraftverk, Strutåna og Reiseter, er det i NVE gjort vedtak om konsesjonsfritak. Det har vidare vore kontakt med NVE om ytterlegare planar for småkraftverk i nedre del av Bleieelva. Kjeldeområdet er nytta til beitemark og vedhogst. Det er frå før bygd landbruksvegar som vil bli nytta for gjennomføring av anleggsarbeidet. Status i arealplanen vert endra etter som følgje av at det er vedteke reguleringsplan for området.

Frå kjeldeområda og med direkte inntak i Herseterkjelda, er det etablert vassuttak til hushald og husdyr i nærområdet. Det er også vist til at det for jord- og hagebruk i området er viktig med tilgang på vatn for vatning av areala om sommaren.

Verknader av tiltaket

Bekken som blir danna i området ved Herseterkjelda og det planlagde vassuttaket, renn nedover til Reiseter og vidare gjennom dyrka mark ned til Sørfjorden. Vassuttaket vil påverke vassføringa i bekken. Med grunnlag i framlagde hydrologiske data vil verknaden om sommaren, med ein reduksjon på under 15 %, bli relativt liten. Om vinteren kan eit uttak på 30 l/s i periodar overstige det som er estimert tilsig ved uttaket. Det er planlagt at uttaket ikkje skal overstige det som i dag drenerar frå kjelda. Tiltaket skal derfor ikkje kunne overbelaste grunnvassmagasinet.

Det hydrologiske materialet for sjølve kjelda/-bekken er ikkje basert på målingar over lenger tid, men er i noko grad basert på hydrologisk modellering. NVE finn likevel at hydrologiske materiale og vurderinga av dette, slik det er lagt fram i søknaden, gjev informasjon som er akseptabel for å kunne vurdere verknader som tiltaket vil gje for vassdraget og interesser knytt direkte til kjelda for det planlagde uttaket.

I søknaden er det gjort framlegg om 3 l/s som fast minstevassføring. Bekken får tilsig frå mindre kjelder og overflatevatn på strekkja ned mot Reiseter. Det vil såleis vere att ei naturleg og varierende restvassføring i bekken på strekkja ned til fjorden. Det må likevel reknast med lengre periodar då tilsiget frå restfeltet blir så lite at vassføringa, på den øvre strekkja av bekken, blir dominert av det som

ev. blir fastlagt som minstevassføring. I den biologiske mangfaldrapporten er det vist til at det i sjølve kjeldeområdet er ein verdifull vegetasjon som er mykje fuktavhengig.

Ved etablering av anlegget blir det nytta eksisterande landbruksvegar. Ein kort tilkomstveg må byggjast som vidareføring fram til uttaksstaden. Hersetekjelda ligg i beitemark med vegetasjon som er prega av hyppige og store snøskred. Uttakspunktet må vernast ved inngjerding av næraste området der det ikkje vil bli tillate med annan aktivitet enn det som er knytt til drift av grunnvassuttaket.

For vassdragsanlegget vil det vere viktig med strenge krav til gjennomføring av prosjektet dersom det vert gjeve løyve. Slike krav må gjelde for alt anleggsarbeid og omfatte ulike detaljar knytt til bygningar, røyrgate og andre terrenginngrep. Målsettinga må vere at gjeldande tilstand for natur- og kulturlandskapet, med det ferdig utbygde anlegget, ikkje i nemnande grad skal bli endra i negativ lei.

NVE si vurdering

I NVE si konsesjonshandsaming inngår verknad av grunnvassuttaket og verknader som vassuttaket vil kunne få for vassressursen i sjølve kjeldebekken nedover mot sjøen. I NVE si vurdering blir det lagt avgjerande vekt på at det i denne saka ikkje er noko opplagt skilje mellom det som etter vassressurslova kan definerast som grunnvass tiltak og vassdragstiltak. Det samla tiltaket er såleis konsesjonspliktig etter § 8 i vassressurslova både for den delen som gjeld råderett over grunnvatn, jf. vassressurslova § 45 b) og vassdragstiltak, jf. § 3 a).

Det er venta at det planlagde vassuttaket på maksimalt ca. 30 l/s vil styrke grunnlaget for å opprette ca. 20-25 nye arbeidsplassar som det er venta at det samla tiltaket basert på uttak av grunnvatn på Reisæter og Herseter vil gje. Regiona har stort behov for nye industriarbeidsplassar, etter at store bedrifter er lagt ned dei seinare åra, og forventningane til dei positive verknadane av kjeldeprosjektet er såleis store.

NVE legg vekt på at søkjar har presisert at tiltaket ikkje skal medføre situasjonar der det kan blir knapt med vatn til hushald og husdyr eller til vatning på aktuelle jordbruksareal i området, jf. her krav etter vassressurslova § 15.

Det har ikkje komme avgjerande innvendingar til at det blir gjeve løyve til det planlagde vassuttaket. Uttaket vil bli knytt direkte mot kjelda på Herseter og vil få verknad for vassføringa i bekken som kjem frå kjelda.

Uttak som grensar opp til det som er planlagt maksimalt uttak, vil i periodar kunne tørlegge bekken rett nedanfor uttakspunktet. For å hindre tørlegging er det planlagt å sleppe ei minstevassføring på 3 l/s. Sjølv om det frå søkjar er presisert at det skal sikrast tilgang på vatn, slik kravet er etter vassressurslova § 44, jf. også §§ 10 og 15, er det NVE si vurdering at det må sikrast ei minstevassføring frå kjelda som er tilstrekkeleg for å motverke uheldig verknad for det velutvikla plante-/mosedekke nærast kjelda.

Ei minstevassføring vil, saman med tilslutning til bekken lenger nede, sikre ei samanhengande vassføring frå kjelda og ein viss dynamikk med noko vekslende vassføringar gjennom året. Det er i denne vurderinga også lagt vekt på at uttaket i det planlagde prosjektet langt frå vil omfatte all vassmengde som vil gå i kjeldebekken utover ei fastsett minstevassføring.

Tiltaket vil utanom vassuttak og redusert vassføring, medføre terrenginngrep med grøft for røyrleidning og etablering av noko mindre bygningsmessige konstruksjonar. Det er traktorveg opp til Herseterstølen. For strekkja vidare opp til kjelda må det etablerast ein enkel tilkomstveg med tilsvarende standard. Det er NVE si vurdering at det meste av terrenginngrepa vil vere moderate og det

vil såleis vere mogeleg å gjennomføre desse slik at uheldige verknader av terrenginngrepa får eit avgrensa omfang. For bygningsmessige konstruksjonar ved inntaket m.v. kan det leggjast føringar med grunnlag i ei målsetting om at det landskapsarkitektoniske resultatet av tiltaket skal bli best mogleg.

I søknaden er det vist til at kjeldene og uttaksområdet ligg nær grensa til Folgefonna nasjonalpark. Det er i søknaden opplyst tiltaket, saman med uttaket frå Reiseterkjelda, i noko grad vil endre grensa for den lågaste sona i INON og at sona samla blir redusert med ca 340 da. NVE legg ikkje avgjerande vekt på dette, i og med at det er den lågaste sona som vert påverka, at arealet er relativt lite, og at INON-området allereie er sikra gjennom opprettinga av Folgefonna nasjonalpark.

Fylkesmannen er kritisk til det planlagde prosjektet og viser til at lokaliseringa er uklar i høve til grensene for Folgefonna nasjonalpark og randsoner for denne.

Søklar har presisert at både kjelda og sikringa vil liggja utafor nasjonalparkgrensa, men at inntaksarrangementet vil ligge i randsona til nasjonalparken. Vi syner også til at heradet i sitt vedtak om godkjenning av reguleringsplanen har lagt til grunn at alle tiltak skal vere utafor nasjonalparken. NVE legg vekt på forsikringar frå søklar om at anlegget skal etablerast med strenge krav til god landskapstilpassing og at tiltaket skal vera minst mogeleg synleg i terrenget. Dette kan verte følgd opp frå NVE si side i samband med ei ev. godkjenning av detaljplanane.

NVE meiner at det omsøkte grunnvassuttaket og vassdragstiltaket ikkje i avgjerande grad vil medføre negative fylgjer for allmenne eller private interesser. Fordelar ved tiltaket vil vere store gjennom at vassuttaket genererer ei vesentleg verdiskaping på sjølve vassressursen, og gjennom etablering av eit relativt stort tal nye industriarbeidsplassar.

Det er også NVE si vurdering at omsynet til vassforsyning til grunneigarane og andre interesser i området skal vere sikra, både gjennom avtalar som er lagt fram, søkjaren sine forsikringar i søknaden og i kommentarane til høyringsfråsegnene. Eit slikt krav er uansett nedfelt i vassressurslova § 15.

NVE vurderer det slik at det samla tiltaket, med grunnlag i formålet med søknaden, vil ha ei vesentleg overvekt av positive verknader.

Konklusjon

Etter ei samla vurdering av framlagte planar og dei fråsegner som ligg føre, konkluderer NVE med at fordelane og nytten ved tiltaket, er større enn skader eller ulemper for allmenne og private interesser. Kravet etter vassressurslova § 25 er såleis oppfylt.

Hardanger Industripark AS får derfor løyve etter § 8 i vassressurslova til å etablere uttak av grunnvatn og etablering av tilhøyrande vassdragsanlegg slik som planlagt frå kjelda på Herseter, gnr/bnr. 50/1, 2, 3 og 4 i Ullensvang Herad. Anlegget blir kopla saman med vassdragsanlegget *Grunnvassuttak Reiseter (konsesjon 05.12.2007)* ved samlekkummen på Reiseter. Løyvet vert gjeve på nærare fastsette vilkår.

Kommentarar til vilkåra:

Post 1 Grunnvassuttak og minstevassføring

Det vert gjeve løyve til at HIAS kan ta ut opp til 100 m³/time eller ca 30 l/s. Vassuttaket skal kunne dokumenterast. Det er tilsvarende, i konsesjonen for grunnvassuttaket frå Reiseter, fastsett at det kan takast ut 30 l/s. Vilkår er slik å forstå at det er det samla uttaket frå dei to kjeldane som ikkje skal overstige 30 l/s, men at fordelinga av uttaka er opp til HIAS.

Registreringane av biologisk mangfald i kjeldeområdet viser eit velutvikla kjeldesamfunn med plante-/mosedekke. Det er såleis viktig at reduksjonen i vatn frå kjelda til overflata ikkje blir redusert så mykje at det medfører vesentlege negative verknader for denne vegetasjonen. NVE vurderar det slik at ei minstevassføring til "Kjeldebekken" på 3 liter/sekund som det er søkt om, frå uttakspunktet ved kjelda er liten i høve målte lågvassføringar på 16 l/s. Samla avrenning i den viktigaste vekstperioden for vegetasjonen viser likevel at avrenning/tilsig vil vere vesentleg større enn uttaket og såleis redusere uheldige verknader. Hydrologiske grunnlagsdata som er presentert i søknaden viser at Herseterkjelda har relativt stor kapasitet. Det har frå før vore etablert uttakskapasitet på 4 l/s for lokal forsyning.

Dersom HIAS legg opp til at vassuttak til lokal forsyning framleis skal komme frå Herseterkjelda skal minstevassføringa ikkje vere ein del av det vassuttaket. Minstevassføringa skal komme bekken til gode.

NVE føreset at konsesjonæren ved etablering og drift av tiltaket følgjer opp med registreringar slik at grunnvasskjelda sin kapasitet over tid kan bli dokumentert. Dersom det viser seg at grunnvassuttaket vert større enn det som grunnvassmagasinet tåler, lyt HIAS redusere vassuttaket slik at det ikkje overstig kapasiteten til magasinet, jf. vassressurslova § 44, 2. ledd.

Post 4 Godkjenning av planer, landskapsmessige forhold, tilsyn m. v.

Detaljplanar for anlegget skal godkjennast av NVE. Planane skal sendast til NVE sitt regionkontor i Førde og arbeidet på anlegget skal ikkje starte opp før godkjenning ligg føre. Detaljplanane for vassdragsanlegget vil omfatte alle tiltak og bygningselement knytt til inntaksområdet ved kjeldene, rørleidning og traseen for denne ned til overgang og samankopling med inntakskummen på Reiseter.

Post 5 Hydrologiske undersøkingar

NVE føreset at konsesjonæren etablerer rutinar for å fylgje med i variasjonar i grunnvassnivået/-tilsiget under drift for å sikre at det ikkje blir teke ut meir enn det grunnvassmagasinet toler.

Post 7 Automatisk freda kulturminne

NVE føreset at søkjar avklarar med fylkeskommunen om det er freda kulturminne som tiltaket kan få verknad for dersom det vert inngrep i områder som ikkje allereie er avklara frå fylkeskommunen si side.

Andre merknader

Fylkesmannen har gjeve innspel på at det må utarbeidast reguleringsplan etter Plan- og bygningslova (PBL) for arealbruken som blir aktuell for gjennomføring av vassdrags- og grunnvassuttaket. Ullensvang Herad har følgd opp dette og tidleg gjort vedtak om at det skal utarbeidast privat reguleringsplan for tiltaket. Heradet har opplyst at planen no er vedtatt.

Når det gjeld merknader som omhandlar mogleg tappt vatn til kraftproduksjon, dersom det vert gjeve løyve til kraftverk i vassdraget seinare, er dette ikkje avgjerande for NVE si vurdering i denne saka. Desse spørsmåla må avklarast direkte mellom partane. Det same gjeld bruk av skogsbilveg og ev. anna bruk som omfattar andre sine retter.

Vi minner om at HIAS plikter etter vassressurslova § 15 å syte for at dei som har vassuttak som kan verte påverka enten har fortrinnsrett til vatnet om same kjelda vert nytta og det er knapt med vatn, eller at HIAS lyt finne ei erstatningskjelde. Løysing på dette lyt avklarast direkte mellom partane.